



Erling Bjørn Danielsen
Eikelandsvegen 61
5917 ROSSLAND

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1632 - 19/3805

Saksbehandlar:

Inga Lill Holen

inga.lill.holen@meland.kommune.no

Dato:

21.02.2019

Pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt - Utbetring av septiktank - GBNR. 43/36

Saka gjeld

Meland kommune viser til førehandsvarsel med krav om utbetring av septiktank, datert 21.06.2018, med frist for tilbakemelding innan 01.08.2018, samt påminning av 22.01.2019 med frist for tilbakemelding 06.02.2019. Kommunen har ikkje motteke tilbakemelding frå deg, og handsamer saka på bakgrunn av dette.

Grunngjeving for pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt

Meland kommune er kjend med at septiktanken på eigedom gbnr. 43/36 har dårleg lokk.

Det følgjer av plan- og bygningslova (pbl.) § 28-6 at «Basseng og brønn skal til enhver tid være sikret slik at personer hindres frå å falle i dem». Ei usikra eller dårleg sikra kum kan føra til at menneske eller dyr fell ned i kummen.

Det er eigar sitt ansvar å sørge for at septiktanken til ei kvar tid er sikra. Grunnboka viser at du er heimelshavar til eigedomen. De er difor ansvarleg for å retta opp i det ulovlege tilhøve.

Som følgje av det ovannemnde blir du pålagt å utbetre septiktanken og ilagt av tvangsmulkt dersom det ikkje blir gjort innan fristen.

Pålegg om retting

Med heimel i pbl. § 32-3 gjev Meland kommune deg pålegg om retting av septiktank på eigedom gbnr. 43/36.

Retting må skje ved at septiktanken vert sikra og forsvarleg lokk vert montert. Lokk på kum må vera tett og utført i solide materialar og vera forsynt med lås eller anna stengsel, slik at lokket ikkje lett kan løftast av eller skuvast tl side. Du kan sjølv utføra arbeidet.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Frist for retting er satt til **31.05.2019**. Meland kommune skal underrettast skriftleg når arbeidet er utført ved at skjemaet for tilbakemelding vert fylt ut.

Ilegging av tvangsmulkt

Viss ikkje dei ulovlege tilhøva er retta innan fristen vil pålegg om retting bli tvangsfullbyrda ved hjelp av tvangsmulkt, jf. pbl. § 32-5. Tvangsmulkta vil telje frå 01.06.2019 og inntil til pålegget er etterlevd. Tvangsmulkta vil vere i form av ein eingongsmulkt pålydande kr. 2000,-, samt dagsmulkt pålydande kr. 100,-, jf. pbl. § 32-5 annet ledd.

Pålegg om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jf. tvangsfullbyrdelsesloven § 7-2. Tvangsmulkta kan inndrivast utan opphald av Statens innkrevingssentral.

Andre opplysningar

Dersom pålegget ikkje vert fulgt kan kommunen utferde førelegg etter pbl. § 32-6. Eit førelegg vil få same verknad som ein rettskraftig dom, jf. pbl. 32-7.

Tilbakemelding

Når retting er utført må du og eventuelle sameigare fyllt ut vedlagt tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnere det til kommunen innan den nemnde fristen. Legg ved bilete som syner at forsvarleg lokk er montert. Skjema og bilete sendast til:

- E-post postmottak@meland.kommune.no
- Brev Meland kommune, p.b. 79, 5906 Frekhaug

Elles svarar vi gjerne på spørsmål på telefon 56171000 eller e-post postmottak@meland.kommune.no.

Klagerett

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan påklagast, jf. fvl. § 28-36. Klagefristen er **3 veker** frå melding om at vedtaket er motteke. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen og klagen skal grunngjevast. Herunder det skal gå føre av klagen kva som vert påklaga og kva endringar ein ønskjer.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg å referer til referansenummer 18/1632.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Inga Lill Holen
juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Skjema for tilbakemelding - dårleg lokk

Mottakere:

Erling Bjørn Danielsen

Eikelandsvegen 61 5917

ROSSLAND

